



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1863 - 18/7020

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

05.03.2018

Dispensasjon for etablering av septiktank med leidning til sjø - gbnr 238/41 Eknes indre

Administrativt vedtak. Saknr: 106/18

Tiltakshavar: Harald Nordås

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel samt frå plan- bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø for etablering av slamskiljar på eigedom gbnr. 238/41, samt utsleppsløyve for eigedomen.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid og etablering av leidningstrase.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.06.17 og supplert 12.08.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar og tiltakshavar ved brev av 06.07.17.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar og ansvarleg søkjar 12.08.17.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, arealet er avsett til LNF-føremål.

Søknad om utsleppsløyve og etablering av slamskiljar til fritidsbustad i område avsett til LNF-føremål krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan.

Vidare ligg eigedomen innanfor byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8. Søknad om utsleppsløyve og etablering av slamskiljar på eigedomen krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 samt frå frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Kort beskrivelse av tiltaket som omfattes av dispensasjonssøknaden:

Søknad om utslippsøyve og etablering av slamskiller til fritidsbustad.

Begrunnelse for dispensasjonssøknaden: (ved liten plass bruk eget tilleggsark)

Hytte ligger uten mulighet for tilknytning til Lindås kommune sitt avløpsnett.

Det søkes derfor om dispensasjon i området avsatt til LNF-formål og generelt byggeforbud langs sjø, PBL §1-8. Søknad gjelder utslippsøyve og etablering av slamskiller for fritidsbustad, se vedlagt situasjonskart.

Uttale frå anna styresmakt

Saka har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Bergen og omland havnevesen og internt til Landbruksavdelinga og Planavdelinga.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Vedtaket vert oversendt Bergen og Omland havnevesen for handsaming etter særlov.

Det er henta inn slik uttale frå Bergen og Omland Havnevesen den 16.01.18:

Ut i fra mottatt dokumentasjon søkes det om etablering av et avløpsanlegg i sjø tilknyttet eiendom gnr-bnr 238-41 i Lindås kommune. I den forbindelse er det søkt om tillatelse til etablering av utslippsledning. BOH vurderer kun de tiltak som berører kommunen sjøområde, som i dette tilfelle er utslippsledning, jf. hfl. § 27, første ledd. Vi kan ikke se at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med alminnelig ferdsel eller sikkerhet til sjøs, som er de hovedhensyn vi skal ivareta etter havne- og farvannsloven. Det presiseres at vurderingene er gjort utelukkende under hensyn til reglene i havne- og farvannsloven, og ikke annet regelverk. Det er søkers ansvar å avklare om tiltaket er søknadspliktig etter annet regelverk, som eksempelvis forurensningsloven.

Vi gjør imidlertid oppmerksom på at det er registrert fiskeriinteresser (gytefelt torsk) i det omsøkte området, omtrent 60 meter fra land. Dersom ledningen berører dette området må søknaden sendes på høring til Fiskeridirektoratet. Dersom Fiskeridirektoratet blir hørt i forbindelse med behandling av dispensasjonssaken vil dette ikke være nødvendig når vi senere skal behandle saken.

Vi minner om at tiltak som utlegging av sjøledning som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet også krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i et eventuelt dispensasjonsvedtak. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes. Søknadsskjema er tilgjengelig på bergenhavn.no «under søknad om tiltak i sjø».

Endelig ber vi om å få oversendt eventuelt dispensasjonsvedtak i saken når dette foreligger, vi vil da ta saken opp til behandling.

Dersom det er spørsmål i saken ber vi om at det tas kontakt med undertegnede.

For uttale i heilskap vert det vist til dokument i saka.

Det er henta inn slik uttale frå Planavdelinga den 18.01.18:

Planavdelinga har ingen ytterlegare merknad i saka.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan dagsett 12.08.17, som syner leidning via nausttomt tilhøyrande gbnr 238/41.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i administrativt vedtak saknr.: 108/18 vedtak datert 05.03.18. Utsleppsløyve gjeld for 6 pe.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av slamskiljar og leidningstrase.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet og frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av slamavskiljar med tilhøyrande leidningstrase på eigedom gbnr. 238/41.

Omsøkt tiltak gjeld etablering av slamavskiljar for eksisterande fritidsbustad på eigedom gbnr 238/41. Slamavskiljar og tilhøyrande leidningstrase skal gravast ned og vil etter gjennomført tiltak ikkje ha vesentlege fjernverknadar frå sjø. Etablering av slamavskiljar med leidningstrase vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknadar på arealbruk eller omgjevnadar korkje i høve til LNF-føremålet eller ålmenta si rett til fri ferdsel .

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket i det vesentlege vert gravd ned og at tiltaket vil ikkje verte til vesentleg hinder for ålmenta si rett til fri ferdsel.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel samt frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av slamavskiljar med leidningstrase.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre tinglyst rett til å grave grøft for vann og avløp over gbnr. 238/3 for eigedom gbnr. 238/41.

Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Det ligg registreringar av nær trua dyreart – Stær, observert 27.05.11 - i området lenger sørvest for eigedomen.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel samt frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av slamavskiljar med leidningstrase på eigedom gbnr. 238/41.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar, av godkjend type, før utsleppet vert ført i tett, nedgraven leidning til sjø på minimum 10 meter djupne.**
- 2. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 3. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**
- 4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike**
vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
- 5. Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova.**

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.

Før det kan gjevast løyve til tiltak i sjø etter plan- og bygningslova skal det ligge føre vedtak etter hamne- og farvasslova. Slik søknad skal sendast til Bergen og Omland Havnevesen.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1863.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Jannicke Myran og Harald Nordås	Eidsvågveien 100 A	5101	EIDSVÅGNESET
Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
-------------------------	---------------	------	----------

